

Frå sykkkelkjetting til vedmaskiner



DALEN er i dag det leiande merket innan mange maskintypar i landbruket, og har vore det i mange år. Medan andre produsenter flaggar ut, og flytter produksjonen til lågkostland i aust-Europa, satsar Lid Jarnindustri på å vera verande der dei er. Trass hard konkurransen i ein tøff marknad, har dei gode resultatet å visa til. Marknadssjef Dag Rune Lid meiner suksessen har fleire grunnar.

– Me legg vekt på at produkta våre skal vera pålitelege, at dei skal fungera godt over tid, og at dei skal ha eit fint design, fortel han.

"Levetidskostnad" er eit omgrep han stadig kjem attende til, og han er overtydd om at den er minst like låg hjå dei som hjå konkurrentane.

Vekst i vedmaskiner

Verksemda har sidan 1948 hatt eit mangslunge produktpekter. I dag er det særleg fem område dei konsentrerer seg om. Det er vedproduksjon, vegvedlikehald, snøyredding, løfteinstyr og grashandtering. I augneblinken er ulike modellar av snøfresar under produksjon. Vedmaskiner er eit anna produkt som det har vorte svært stor etterspurnad etter dei siste åra. Lid Jarnindustri er i dag i praksis åleine å produsera slike maskiner her i landet.

– Kvar gong dei høge straumprisane er omtala i nyheitene, så er det gratisreklame for oss, seier marknadssjefen. Det er i dag lange ventelister på vedmaskinene, og det har vore svært stor respons på ustillingar og demonstrasjonar, legg han til.

Tett på kunden

Det å vera nær marknaden og ha tett kontakt med dei som brukar utstyret er viktig for karane på Lid. Kontaktene med brukarane og tilbakemeldingar, er med på å leggia grunnlaget for fornying og forbeteringar. Verksemda har i dag 55 tilsette, og av dei er fem ingeniørar og produktutviklarar.

– Når du er i ein marknad og har fått tillit hjå kundane er det viktig med fornying. Det vert forventa at ein stadig skal koma med noko som er eit hakk betre enn det dei kjøpte sist. Difor har me funne ut at det svarar seg å ha relativt mange på konstruksjonssida, fortel Dag Rune Lid.

Flaggar ikkje ut

Noreg er eit høgkostland, og skal ein produsera kvalitet, vert prisen høgare enn på importerte reiskapar.

– Me får tilbod kvar veke om å flytta produksjonen til utlandet, men me har



Vaskemaskiner handkjerrer og traktorutstyr var noko av det første Lid Jarnindustri tok til med. Seinare har det vorte mange snøfresar, som ber er under sveising, og i det seinare har vedmaskina vorte ein stor produksjon.

Her ser me Dag Rune Lid, med sykkkelkjettingen som la grunnlaget for det heile, og den siste vedmaskina.

prøvd å konsentrera oss om å produsera kvalitet heile vegen, og då meiner me det er råd å overleva i ein tøff marknad. Stadig fleire vert medvitne om levetidskostnaden på det dei kjøper. Dei spør etter teknisk gode løysingar og driftssikkerheit, for å få ei effektiv drift. Våre erfaringar er at dersom du lager eit godt produkt, vil levetidskostnaden vera låg, sjølv om innkjøpsprisen er noko høgare.

Ei verksemnd i vekst

Lid Jarnindustri er i dag eigd av seks sysken. Dei tre brørne Olav, Geir og Dag Rune Lid, arbeider ved verksem-

sende ut på marknaden. Då hausten kom og salet skulle ta til, fekk han melding frå ein forhandlar, om at kjettingane i kassen hadde rusta og falle frå kvarandre. Heile produksjonen laut trekkjast inn att, men Samson Lid gav ikkje opp. Etter prøving, feiling og ein del vonbrot, vart sykkkelkjettingen ein suksess. Lid gav kjettingen namnet "Trygg", men etter ein del brevskriving med sykkelprodusenten med same namn, vart det endra til "Grabb". Og det var sykkkelkjettingen "Grabb" som var spira, for det som i dag er ei blommande verksemnd i god vekst. Seinare har det kome mange ulike produkt ut gjennom dørane ved verksemda i Steinsdalen. "Dalen" har vore varemerket for verksemda. "Dalen" vaskemaskiner fekk stor utbreiing, særleg her i distriktet. Det var eit stort framsteg, sjølv om konstruksjonen ikkje inviterte til å vaska anna enn det som tolte litt slitasje. Handkjerrrene, eller mjølkekjerrrene er ein doning dei fleste kvemmingar har eit forhold til. Anten som nyttig og lettint transport, eller at dei køyrd kvarandre i dei som born.

da. Omsetnaden har auka jamt og trutt, og dei siste ti åra har den stige frå kring 20 millionar kroner i året, til opp mot 50 millionar. Arbeidsstokken har vore svært stabil og god. Den som har vore der lengst har botimot femti års fartstid ved verkstaden.

Det var far til dei som i dag eig, Samson Lid, som starta eventyret.

Sykkkelkjettingen "Grabb".

Rett etter krigen tok han til å produsera iskjettingar for syklar. Dei første han laga tok til å rusta, og varemangelen etter krigen gjorde at han sjølv lauit prova å finna ein metode for å hindra korrosjon. Etter å ha lese ein del kemi bøker fann han ut at han ville syrebehandla dei og etterpå nøytraliserer med kalk. Det vart gjort og kjettingane

biltihengarar og likvogner laga dei ei stund. Då tohjulstraktoren gjekk sin sigersgang over vestlandet, tok dei til å produsera mange slags tilleggsreiskapar, som frontvogn med sjølvlastar, plogar, svansar og potetopptakar til tohjulstraktoren "Motorstandard". Ein periode laga dei traktorhytter. Sidan i slutten av sektiåra har snøfresar vore ei av grunnstammene i produksjonen.

Karane på Lid ynskjer òg i framtida å la verdiskapinga skje i Kvam. Her er dei midt i marknaden, og dei set nærliggenhet til marknaden og den tette kontakten med kunden høgt.

– Det er viktig å gjera sitt ytterste for å vera pålitelige og redelege. Særleg i dag når ein høyrer så mykje om lureri i næringslivet, avsluttar Dag Rune Lid.